

Skal byggje ny bru i Hyen

Vestland fylkeskommune signerte fredag kontrakt med Entreprenørservice AS på bygginga av ny bru på Solheim i Hyen.

Den nye bruva skal erstatte dei to gamle bruene på fv. 615, Solheim 1 og Solheim 2, melder Vestland fylkeskommune i ei pressemelding.

Når kontrakten for oppdraget no er signert, står Førde-entreprenøren klar til å gå i gang med arbeidet. Den nye bruva blir ei betongbru i eitt spenn med ei lengde på 29,4 meter.

Trafikken kan passere på dei to eksisterande bruene i anleggsperioden, fordi den nye bruva skal byggast nedstraums. Fylkesvegen skal leggast i ny trase i om lag 250 meter for å tilpassast den nye bruva. I tillegg skal det byggast nokre nye tilkomst-



KLAR FOR BRUBYGGING: Thomas Østerbø (tv.), dagleg leiar i Entreprenørservice og prosjekteigar Gunnar Solbakken i Vestland fylkeskommune signerte fredag kontrakt på bygging av ny bru på Solheim. Foto: Sondre Holvik/Entreprenørservice.

vegar, og ein skal utbetre dei som er der frå før.

Brukcontrakten har ein verdi

på nesten 18 millionar kroner, og prosjektet skal vere ferdig innan 2. oktober 2026.